

Funksjonsskildring

for prosjekt:

Miljøsanering og riving av Algrøy skule



1 Generelt.....	2
1.2 Prosjektering	3

2. Miljøsanering og ombrukskartlegging	3
3. Riving	3
3.1. Avslutning mot gjenstående bygg	4
4. Tilbakefylling i byggegrop og terrenghandsaming	4
5. Avfallsplan og rapportering	5
5.1 Fråkopling av straum	5
5.2 Fråkopling av vatn og avlaup	5
5.3 Fråkopling tele/data	6

Innhald

1 Generelt

Prosjektet omfattar sanering og riving av delar av Algrøy skule. Den aktuelle bygningsdelen som skal rivast er oppført i 1954 og utgjer den eldste delen av skulen. Omfanget av rivearbeidet, inkludert rivesnitt og avgrensing av tiltaket, går fram av vedlagt kartskisse.

Cowi AS har utarbeidd miljøsaneringsrapport for aktuell bygningsmasse. Rapporten skal leggst til grunn for planlegging og gjennomføring av arbeidet. Lausøyre i bygget skal fjernast av entreprenør. Endeleg omfanget vert avklart med utgangspunkt i synfaringa.

Delar av bygningen på eigedomen skal bestå. Grensesnitt mellom rivingsarbeid og gjenstående bygg går fram av vedlagt kartskeisse. Gjenstående utstyr og inventar, skal medtas fjernast av entreprenør.

Oppdraget skal gjennomførast totalentreprise i samsvar med NS 8407. Vald entreprenør har ansvar for vidare prosjektering basert på eksisterande grunnlag, samt utføring av miljøsanering og rivearbeid.

1.2 Prosjektering

Totalentreprenør er ansvarleg for prosjektering og anskaffing av naudsynte rådgjevartenester. Totalentreprenøren koordinerer og leier prosjekteringa slik at prosjektet si planlagde framdrift vert tatt i vare.

2. Miljøsanering og ombrukskartlegging

Cowi AS er engasjert av Øygarden kommune og har utarbeidd miljøsaneringsrapport og ombrukskartleggingsrapport for den delen av Algrøy skule som skal rivast.

Entreprenør pliktar seg til å halde seg til denne og disponere riveavfall, helse- og miljøfarlege stoff i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Miljøkartlegginga er utført i stikkprøveform. Det kan vere helse- og miljøskadeleg bygningsmateriale skjult i konstruksjonen som ikkje er kartlagt og det kan vere behov for meir kartlegging.

Rivearbeida skal gjennomførast etter prinsippa for miljøvenleg riving, kor det vert lagt stor vekt på omsyn til omgjevnaden, fjerning av helse- og miljøskadelege stoff samt stor grad av sortering og gjenvinning av riveavfall. Avfall skal merkast før rivinga startar opp. Entreprenør har ansvar for å ta ut materiell, komponentar og utstyr under saneringa som byggherre ser naudsynt til gjenbruk i eigne bygg. Dette vert avklart i detaljprosjekteringa.

Alle funn av helse- og miljøskadelege stoff skal så langt det er mogleg vere sanert før rivinga vert iverksett. Dette skal dokumenterast med bilete, evt. Analyser og tekst som skildrar gjennomføring av tiltak.

Entreprenør har ansvar for å ta ut materiell, komponentar og utstyr under saneringa som byggherre ser naudsynt til gjenbruk i eigne bygg. Dette vert avklart i detaljprosjekteringa.

3. Riving

Entreprenør har ansvar for å miljøkartlegge i forkant av riving, søkje om løyve til riving hos byggesak og ha all kontakt med naudsynte instansar i forbindelse med riving av bygg.


Rivinga skal gjennomførast på ein trygg måte både for arbeidarar og omgjevnaden. Bygningen si integritet må vurderast før entreprenør riv dei berande konstruksjonane. Det skal veljast ein metode som tek omsyn til dette og er i samsvar med lov og regelverk. Alle konstruksjonar og installasjonar frå råka bygningsmasse skal fjernast. Også fundament og ringmur.



3.1. Avslutning mot gjenstående bygg

Totalentreprenør skal komme med forslag til løsning for avslutning mot gjenstående bygningsmasse etter riving. Det må takast hensyn til at ein må sikre tilkomst til loft med utvendig trapp t.d. etablering av tilsvarande løsning som lik før riving.

Det må flyttast og etablere nytt vassinntak til bestående bygningsmasse. Dagens vassinntak er i nord-vestre hjørne av bygget og vert ein del av rivinga. Det må etablerast nytt vassinntak med vassmålar i bestående bygningsmasse.



4. Tilbakefylling i byggegrop og terrenghandsaming

Tomta skal planerast og skal etterlatast slik at den ikkje er til fare for andre. Graveskråningar må justerast og etterlatast slik at terrenget er stabilt og ikkje medfører risiko for ras eller utgliding. Byggegroppa skal fyllast med rein sprengstein, med eit 10 cm topplag 0.16 veggrus.

5. Avfallsplan og rapportering

Totalentreprenør skal før oppstart av sine arbeider utarbeide komplett avfallsplan og sluttrapport. Avfallsplanen skal sei noko om korleis dei forskjellige bygningsdelane skal behandlast. Riving skal gjennomførast selektivt med kjeldesortering av avfallet. Materiale og komponentar som kan brukast om igjen skal leverast til ombruk. Miljøfarleg avfall skal behandlast med omhug. Alt avfall skal leverast til godkjent deponi. Dette skal dokumenterast.

Sluttrapporten skal leverast til oppdragsgjevar før sluttrekning vert betalt. Sluttrapport skal innehalde:


- Avfallsplan. Denne skal returnerast ferdig utfylt med reelle avfallsmengder påført.
- Kvitteringar frå godkjente avfallsmottak.
- Foto av riveprosessen.

5.1 Fråkopling av straum

Bygget er kopla til straum. Entreprenør skal forsikre seg om at straumen i bygget er fråkopla før arbeider med å gjerne elektriske installasjonar og installasjonsdelar vert starta. Entreprenør er ansvarleg for påvising og fjerning av kablar og annan infrastruktur i grunnen.

Det skal framleis vere straumtilførsel til bygningsmassen som står att.


Totalentreprenør skal nytte autorisert elektriker for fråkopling av straum.



5.2 Fråkopling av vatn og avlaup

Vatn og avlaup må koplust frå den delen som skal rivast. Dagens vassinntak er i nord-vestre hjørne av bygget og vert ein del av rivinga. Det må etablerast nytt vassinntak med vassmålar i beståande bygningsmasse.

Totalentreprenør skal bruke autorisert røyrleggar for arbeidet og eventuelt ved plugging.



5.3 Fråkopling tele/data

Entreprenør skal kople frå tele/data som bygget må være forsynt med.